



Statoil ASA
4035 STAVANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2580 - 14/28498

Saksbehandlar:
Christian H. Reinshol
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:
23.12.2014

Høyringsuttale - Konsekvensutgreiing for Johan Sverdrup eksportørleidningar for olje og gass

Lindås kommune viser til motteken konsekvensutgreiing for Johan Sverdrup eksportleidningar for olje og gass, datert 22. september 2014. Konsekvensutgreiinga omfattar heile traseen frå sokkelen inn til endeleg påkopling til Mongstad Terminal. Lindås kommune vil kun kommentere dei delane av rørleidningstraseen som gjeld olje, og som går gjennom kommunen eller har direkte verknader for innbyggjarane.

Generelt meiner Lindås kommune at prosjektet er godt utgreidd, og at dei ulike områda som vart fastsett i planprogrammet er følgt opp. Me ynskjer likevel å kommentere nokre områder i materialet.

I høve friluftsliv meiner kommunen at verdisettinga som er sett for Litlåsåsen i høve friluftsliv og til dels landskap er for låg. Litlåsåsen er ein viktig buffer for innbyggjarane i området mot industriområdet på Mongstad, og representerer samstundes område med moglegheit for å kome seg i høgda og gir gode landskapsopplevingar gjennom bruken av området. Lindås kommune meiner på bakgrunn av dette at verdisettinga for området er for låg. Kommunen vil likevel seie seg einig i at konsekvensane som er skildra i utgreiinga er riktige, då det i driftsfasen vil vere få ulemper knytt til friluftslivet. Lindås kommune vil rå til at ein vurderer moglegheita for å etablere tursti opp mot åsen i samband med eventuell grøft, men vil samstundes peike på at området ligg i Austrheim kommune og at dette eventuelt må drøftast med Austrheim om det kan vere eit aktuelt avbøtande tiltak.

Når det gjeld brønner og avlaup skildrar konsekvensutgreiinga greitt kva verknader tunellboringa vil kunne ha for lokale brønner og evt også avlaup. Reguleringsplanen som er under utarbeiding for området vil også ta stilling til verknader for bebuarane knytt til dette med vatn og avlaup. Lindås kommune vil vise til vedtak av planprogram for reguleringsplanen for meir detaljar knytt til dette. Kommunen vil uansett oppfordre Johan Sverdrup-prosjektet til å ta kontakt med teknisk drift i Lindås kommune for å sjå om det kan vere aktuelt å inngå eit samarbeid med kommunen (evt også med Austrheim kommune) om å få på plass ei permanent løysing på vassforsyning til Keila som ein del av prosjektet. Dette vil vere til fordel for både Johan Sverdrup-prosjektet både på kort og lengre sikt, det vil vere ei forbetring av situasjonen for innbyggjarane på Keila og ein vil for kommunen sin del kunne gi eit betre tilbod til innbyggjarane i dette området.



Når det gjeld trafikksituasjonen i området meiner kommunen at den er greitt utgreidd, men vil peike på at ein vil gå nærare inn i trafikksituasjonen som del av reguleringsplanarbeidet for landdelen av oljerørleidningen. Kryssituasjonen frå Fv 57 inn til det østre tunellinnslaget treng etter Lindås kommune si oppfatning ei grundigare utgreiing og det kan vere aktuelt at ein bør etablere ei rundkøyring inn til dei framtidige næringsområda allereie i denne tidlege fasen som del av eit trafikksikringstiltak.

Oppsummert har kommunen nokre merknader knytt til vurdering av verdi friluftsliv, tilhøvet til infrastruktur og trafikktryggleik i området. Kommunen meiner likevel at konsekvensutgreiinga er tilstrekkeleg, då desse temaene vil bli gjennomgått i reguleringsplanen for området.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Christian H. Reinshol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Olje- og energidepartementet
Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Mottakarar:

Statoil ASA

4035

STAVANGER